



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Vår dato:

13.02.2024

Vår ref:

2023/4678

D.ykkar dato:

28.08.2023

Dykkar ref:

22/1339-25

Saksbehandlar, innvalstelefon

Erlend Koch Jacobsen, 71 25 85 61

Vedtak i klagesak - Byggesak - Stranda 1/3 - Liabygda ferjekai - byggegrense - tekniske bygg til ladeanlegg

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endrar Stranda kommune sitt avslag på søknad om anlegg for ferjeladar på Gnr. 1 Bnr. 3. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir løyve til oppføring av anlegg for ferjeladar på Gnr. 1 Bnr. 3.

Klagaren har fått medhald.

Sakshistorikk

Vi viser til Stranda kommune si oversending den 29.08.2023.

Norconsult AS søkte på vegne av Fjord1 AS den 1. november 2022 om løyve til bygging av teknisk anlegg for lading av el-ferje på Gnr. 1 Bnr. 3.

Kommunen bad om innspel til søknaden den 19. desember 2022. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og NVE viste til at det ikkje var dokumentert naudsint tryggleik mot skredfare og flodbølgje. Statens vegvesen viste til at dei ikkje hadde merknadar så lenge ein fant ei løysing som tilfredsstiller krava til geometrisk utforming av veganlegget og vegens sideareal. Møre og Romsdal fylkeskommune hadde ikkje merknadar til dispensasjonssøknaden.

Norconsult kommenterte innspela den 21. mars 2023. Seinare har dei og levert ei ny ROS-analyse av naturfarane i området, datert 2. mai 2023.

Stranda kommune ved planutvalet avslo søknaden den 3. juli 2023 i sak 050/23. Advokat Bjørn Frode Skaar i Wikborg Rein advokatfirma klaga på vegne av Fjord1 på avslaget i brev den 18. juli 2023.

Kommunen behandla klaga og heldt fast ved sitt vedtak i sak 053/23 den 28. august 2023. Saka blei deretter oversendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, sjå plan og bygningsloven (tbl) § 1-9.



Statsforvaltaren si rolle


Klaga er sendt inn innafor klagefristen og Statsforvaltaren kan behandle saka. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klaga dersom vi finn grunn til det. Dersom vi gir klagar medhald kan vi endre vedtaket eller oppheve det, og sende det tilbake til kommunen for ny behandling, sjå forvaltningslova § 34.

Saka gjeld

Søknaden

Saka gjeld oppføring av to tekniske bygg og eit ladetårn på Liabygda ferjekai. Saka har utspring i eit pågåande arbeid med å gå over til elektriske ferjer på ferjestrekninga Stranda-Liabygda.


Dei to bygga er søkt plassert langs bergveggen delvis inne på ein eksisterande snuplass. Ladetårnet skal plasserast ute på sjølve ferjekaien.



Lov- og plangrunnlag

Eigedomen Gnr. 1 Bnr. 3 hører inn under kommuneplanen for Stranda kommune 2021-2033, vedteke 16. juni 2021. Planen er eit juridisk bindande dokument som gjennom kart og tilhøyrande føresegner skildrar korleis området kan byggast ut.

I kommuneplanen er eigedomen sett av til framtidig hamn. Eit mindre område er også sett av til LNF-føremål. Det er gitt føresegner til planen som seier at før det er tillate med tiltak etter plan- og bygningslova § 1-6 jf. kapittel 20 skal området vere omfatta av eigengodkjent reguleringsplan.





Ettersom det ikkje er reguleringsplan i området krevsaka dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen si § 2.3. Ettersom det i LNF-områder berre er tillate med tiltak knytt til landbruk, krev den delen av tiltaket som står i LNF-området og dispensasjon frå arealføremål. Til sist er det naudsynt med dispensasjon frå byggegrense fasett i plan ettersom tiltaket ligg utanfor byggegrense som er teikna inn i plankartet som vist ved gul og svart stipla linje.

Klagesaka

I avslaget på søknaden har planutvalet vist til at ein ikkje ønskjer å gjeve dispensasjon grunna auka fare for mjuke trafikkantar og manglande moglegheit til å snu vogntog. I samband med klagesakshandsaminga har dei levert ei lengre utgreiing der dei forklarar kvifor tiltaket etter deira syn ikkje oppfyller naudsynte krav til tryggleik og moglegheit for å snu vogntog. Dei har også vist til at det her er naudsynt å sjå på området på nytt i eit overordna perspektiv, og at dette må gjerast gjennom ein reguleringsplan.

Advokat Skaar har i klaga vist til at tiltaket i naudsynt grad oppfyller krav til trafikktryggleik. Dei peiker og på at kommunen som utgangspunkt skal gje dispensasjon om dei materielle vilkåra er oppfylt, og at eit avslag basert på kommunen sin skjønnsmessige vurdering må oppfylle krav til saklegheit og forsvarleg sakshandsaming. Videre har dei peika på kvifor vilkåra etter deira mening er oppfylt.

I tillegg har advokat Skaar i brev til Statsforvaltaren 21. september 2023 vist til at Stranda kommune har gått ut over grensa for kva omsyn ein kan legge vekt på i vurderinga av om ein «kan» innvilge dispensasjoner. Han har også bedt om at Statsforvaltaren gjer nytt vedtak i saka, og ikkje sender han tilbake til Stranda kommune for ny handsaming.

Om dispensasjonsregelen


Kommunen kan gje dispensasjon dersom begge vilkåra i plan og bygningsloven § 19-2 er oppfylt:

- «*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.*»
- «*Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.*»

Sivilombodet har i sak 2020/4737 vist til at kommunen si vurdering av om dei «kan» gje dispensasjon er ein sjølvstendig avslagsheimel. Det er etter ombodet sitt syn ikkje naudsynt med ein forutgåande vurdering av om dei andre vilkåra i føresegna er oppfylt. For at kommunen skal kunne avslå på bakgrunn av ein vurdering av om dei «kan» gje dispensasjon, må omsyna dei legg vekt på i vurderinga vere saklege og relevante for saka.

Statsforvaltaren si vurdering

Slik Statsforvaltaren tolkar vedtaket har Stranda kommune gjort ei skjønnsmessig vurdering av om dei kan gje dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, byggeforbodet i strandsona og frå LNF-føremålet. Vi vurderer først om dei rettslege vilkåra i dispensasjonsføresegna er oppfylt.





Plankravet

Det føljer av kommuneplanen sine føresegner at det ikkje kan setjast i verk tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 før området som er sett av til framtidig kai er regulert.

Omsynet bak ei føresegn om plankrav er å sikre at arealdisponeringa i det aktuelle området skjer på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering. Ein reguleringsplanprosess vil leggje til rette for offentlegheit, samråd og medverknad og sikre ei brei opplysning av saken. Ein reguleringsplan vil kunne avklare ei rekke sentrale forhold som vil vere avgjerdande for korleis området kan byggjast ut, og dermed sikre god styring med arealbruken.

I denne saka er det snakk om to mindre tekniske bygg, samt eit ladetårn, i området rundt den eksisterande ferjekaia på Liabygda ferjekai. Tiltaket er i planaugemed eit lite tiltak, og vil ikkje i særleg grad endre arealdisponeringa i området. Det er eit tiltak knytt til ferjedrifta, i eit område som allereie er nytta som ferjekai, i eit område som er sett av som hamneområde i kommuneplanen. Dette talar for at omsyna bak plankravet ikkje blir vesentleg sett til side av ein dispensasjon.

Statsforvaltaren kan heller ikkje sjå at det er naudsnyt med den grad av medverknad og offentlegheit som planprosessen legg opp til i ei sak som gjeld ei avgrensa som bygging av infrastruktur for ferjeladar.

På bakgrunn av dette kan ikkje Statsforvaltaren sjå at omsyna bak reguleringsplankravet blir vesentleg sett til side i denne saka.

Det første vilkåret i § 19-2 for å gi dispensasjon er oppfylt. Vi vil difor gå inn i ei vurdering av det andre vilkåret.

Planutvalet i Stranda kommune har vist til ei rekke ulemper av å gjeve dispensasjon

Fordelane ved dispensasjonen er først og fremst knytt til reduksjonen i utslepp av klimagassar som følgjer med fossile ferjer. Det er lagt klare statlege føringar for at ein skal redusere utsleppa frå offentleg transport i åra som kjem. Dette er forankra i både nasjonale og internasjonale målsettingar. Dei reduserte utsleppa som tiltaket legg til rette for må derfor reknast som ein betydeleg fordel.

I tillegg vil overgangen til el-ferjer føre med seg ein reduksjon i støy frå ferjedrifta. Reduksjonen i støy-forureining må òg reknast som ein fordel.

Planutvalet i Stranda kommune har ved handsaming av klagen vist til fleire ulemper av å gjeve dispensasjon. I hovudsak viser planutvalet til at plassering av bygga slik det er søkt om, vil føre til ei kraftig forverring av trafikksituasjonen i området.

Statsforvaltaren viser til at relevant vegmynde har uttalt seg i saka. Fylkeskommunen har ikkje merknadar til tiltaket, og Statens vegvesen har ikkje merknadar så lenge løysinga er innafor krava til geometrisk utforming av veganlegget og vegens sideareal, som går fram av handbok N100 og N101. Slik Statsforvaltaren forstår er tiltaket innafor desse krava. Vi kan heller ikkje sjå at dei tekniske bygga i særleg grad fører med seg dødvinklar for dei som skal nytte snuplassen som ikkje allereie eksisterer. På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at ulempa for trafikktryggleiken er så stor som planutvalet har vist til. Vår vurdering er at endringa frå dagens trafikksituasjon er svært avgrensa, og at ulempa av den grunn og er avgrensa.



Planutvalet har òg vist til at ein tapar parkeringsplassar på pendlarparkeringa gjennom tiltaket. Slik Statsforvaltaren forstår søknaden vil det eventuelt vere snakk om tap av ein parkeringsplass. Dette er etter Statsforvaltaren eit avgrensa tap, og ei avgrensa ulempe.

I tillegg har planutvalet lagt vekt på at det ikkje vil vere mogleg å snu vogntog på ferjekaia. Det er ikkje dokumentert om dette er mogleg i dag, men ferjekaien er av planutvalet peika på som trong og uoversiktleg. Statsforvaltaren viser til at det er levert skisser frå søker som viser korleis både store bussar og semitrailerar kan snu på plassen og etter at dei tekniske bygga er plassert der. Vår vurdering er av den grunn at ulempa er av avgrensa storleik.

Kommuneplanen sitt LNF-føremål

Føremålet med å regulere eit område til LNF er å hindre utbygging av området som vil vere i strid med landbruks-, natur og friluftsinteresser.

Saka gjeld bygging av to tekniske bygg på ein ferjekai. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at omsyna arealføremålet skal teke vare på blir påverka av tiltaket. Omsyna bak arealføremålet blir då heller ikkje sett vesentleg til side av dispensasjonen.

Det første vilkåret i § 19-2 for å gi dispensasjon er oppfylt. Vi vil difor gå inn i ei vurdering av det andre vilkåret.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det gjer seg gjeldande andre fordeler eller ulemper enn i vurderinga vi gjorde over. Dermed er også det andre vilkåret i plan- og bygningslova § 19-2 oppfylt.

Byggegrense i kommuneplanen

Det er fastsett byggegrense for området i kommuneplanen sin arealdel. Det er gitt løyve til å plassere noko i eit avgrensa område på ferjekaia.

Byggegrensa skal ivareta ei nasjonal målsetting om å bevare strandsona som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. For ålmenta er 100-metersbeltet et viktig rekreasjonsområde, både frå land- og sjøsida. Videre er strandområdene eit viktig leveområde for en rekke plante- og dyrearter, og det har ofte særegne landskapsmessige verdiar.

Tiltaket gjeld to tekniske bygg og eit ladetårn på ein allereie etablert ferjekai. Vi kan ikkje sjå at tiltaket fører med seg særlege endringar for dei omsyna som byggeforbodet i strandsona skal ta vare på. Omsyna bak arealføremålet blir då heller ikkje sett vesentleg til side av dispensasjonen.

Det første vilkåret i § 19-2 for å gi dispensasjon er oppfylt. Vi vil difor gå inn i ei vurdering av det andre vilkåret.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det gjer seg gjeldande andre fordeler eller ulemper enn i vurderinga vi gjorde over. Dermed er også det andre vilkåret i plan- og bygningslova § 19-2 oppfylt.

«Kan»-skjønet

Det er i utgangspunktet kommunen som er planmyndighet, og som skal ta stilling til spørsmålet om det «kan» gjevast dispensasjonar. Statsforvaltaren skal etter forvaltningslova § 34 leggje stor vekt på det lokale sjølvstyret i vurderinga. Dette betyr ikkje at kommunen står heilt fritt i vurderingane.



Vurderinga av om det *kan* gjevast dispensasjon må bygge på saklege og relevante moment, og det er ikkje lov å gjere usakleg forskjellsbehandling.

Statsforvaltaren har etter forvaltningslova § 34 lov til å prøve alle sider av saka. Det betyr at om kommunen har lagt vekt på usaklege eller ikkje relevante omsyn, har Statsforvaltaren lov til å komme til ein anna konklusjon enn kommunen.

Planutvalet har lagt stor vekt på at ein ikkje kan snu vogntog på snuplassen etter at tiltaket er gjennomført. Det er levert illustrasjoner på at både semitrailerar og større bussar kan snu. Etter Statsforvaltaren si vurdering er det lagt for stor vekt på dette omsynet i kommunen si vurdering.

Vidare har planutvalet peika på at både parkeringssituasjonen og trafikktryggleiken blir vesentleg forverra av tiltaket. Statsforvaltaren er ikkje samd med planutvalet i vurderinga, noko vi òg har peikt på under vurderinga av dispensasjon frå kravet til reguleringsplan. Vi kan av den grunn ikkje sjå at trafikk og parkeringsomsyn kan få avgjerande vekt i vurderinga av om ein kan gjeve dispensasjon.

Planutvalet har og vist til at ein heller bør sprengje seg inn i fjellet for å utvide det eksisterande området. Statsforvaltaren viser til at ein slik utviding ligg utanfor området som er sett av til ferjekai. Ei slik løysing har ukjente konsekvensar som ligg utanfor det som er relevant å legge vekt på i vurderinga av søknaden om dispensasjon.

Stranda kommune har tatt utanforliggende omsyn når dei har konkludert med at det ikkje «kan» gjevast dispensasjon for oppføring av anlegg for ferjeladar. Statsforvaltaren si vurdering er at det «kan» gjevast dispensasjon i saka. Vilkåra for å gjeve dispensasjon er då oppfylt.

Statsforvaltaren har kome til at Fjord1 får innvilga søknaden om dispensasjonar som søkt om. Vilkåra for å gjeve rammeløyve etter plan- og bygningslova § 21-4 jf. § 21-2 er oppfylt.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren gjer om Stranda kommune sitt vedtak i sak 050/23 av den 3. juli 2023.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningslova § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet, og er dermed orientert om vedtaket.

Dersom Fjord1 har krav om å få dekt sakskostnader, må kravet sendast innen tre veker etter at dei mottok dette brevet. Kravet skal avgjerast av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. forvaltningslova § 36.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Helge Mogstad
underdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

- 1 Vedtak i klagesak - Byggesak - Stranda 1/3 - Liabygda ferjekai - byggegrense - tekniske bygg til ladeanlegg

Kopi til:

WIKBORG REIN ADVOKATFIRMA AS AVD
BERGEN
FJORD1 AS

Postboks 1233	5811 BERGEN
Marken	
Postboks 354	6902 FLORØ